

VK Mjølfjell 1 april 2017

Terreng: Rjoandalen

Vær og føremelding: Dagen starta med nokre få varmegrader, litt vind og nokre lette regnbyer.

Litt tungt føre for hundane, men dei klarte fint å ta seg fram i galopp.

Alt låg såleis til rette for dei 12 hundane som deltok.

Dommarar: Bjørn Monsen og Knut Steinar Skiple

Følgande deltok:

ES Lozen	Morten Soltvedt
IS Fudge	Bjarte Sjøgaard
GS Killian	Rune Skeie
P Bill	Robert Veseth
ES Victorio	Knut Klepp
ES Veni Vidi	Svein Erik Bowitz
KV Balto	Aksel Mowatt Larssen
IS Fifa	Bjarte Sjøgård
KV Lucius	Anne Grete Langeland
IS Diego	Jan Christian Jersin
IS Bella	Per Arild Lie
ES Carmen	Elin Dugstad Veseth

Første runde, 15 min.

1. slepp ES Lozen mot IS Fudge

Lozen tek føringa med utmerka reviering og stor fart og får mykje terreng med. Fudge kjem innleiingsvis noko på etterskot, men går ganske snart eit stort anlagt søk i stor fart og med god terrengdekning. Lozen vinn sleppet på betre kontinuitet i starten av sleppet.

Lozen over Fudge.

2. slepp GS Killian mot P Bill

Begge startar friskt med Killian i føringa på meir systematisk terrengdekning. Bill går i stor fart og får mykje terreng med. Det lettar ryper i terrenget utan at hundane er i kontakt med desse. Seinare ser me hundane i samstand, og når førarar/dommarar kjem til ser me ryper presist framom hundane. Begge går villig på og reiser fugl, men begge vert for urolege i situasjonen.

Begge utgår.

Rangering: Lozen, Fudge.

3. slepp ES Victorio mot ES Veni Vidi

Veni tek føringa og går eit stort anlagt søk i stor fart. Tidvis noko open. Victorio går og veldig bra, men må styrast noko meir av førar.

Veni over Victorio.

Rangering: Lozen, Veni, Fudge, Victorio

4. slepp KV Balto mot IS Fifa

Frå start av sleppet har begge hundane eit litt omstendelege søks opplegg. Fifa fører innleiingsvis, men etter kvart overtek Balto føringa på betre framdrift og format. Begge held klassenivå.

Balto over Fifa.

Rangering: Lozen, Veni, Fudge, Victorio, Balto, Fifa.

5. slepp KV Lucius mot IS Diego

Diego tar straks føringa i sleppet og går eit stort anlagt søk i side/medvind. Lucius kjem på etterskot men jaktar fornuftig med god reviering.

Me ser Diego i stand langt ute, men løyser ut. Me går i medvind og samtidig kjem Lucius fram nærare partiet og dermed meir opp i vinden og festar stand. Når førar er på jaktbart hold lettar rype presist framom, men Lucius blir for uroleg i situasjonen.

Diego over Lucius som utgår.

Rangering: Lozen, Veni, Fudge, Victorio, Balto, Fifa, Diego (sl)

6. slepp IS Bella mot ES Carmen.

Begge små innleiingsvis ha litt støtte frå førarane sine, men dette betrar seg og dei held eit greitt klassenivå der dei vekslar om føringa. Mot slutten av sleppet har Bella initiativet og vinn dermed sleppet.

Rangering 1 runde: Lozen, Veni, Fudge, Victorio, Balto, Bella, Fifa, Carmen, Diego (sl)

Ute: GS Killian, P Bill og KV Lucius

Oppsett 2 runde 15 min:

ES Lozen - ES Victorio

IS Fudge - ES Veni

KV Balto - IS Diego

IS Fifa - IS Bella

ES Carmen oddehund.

7. slepp ES Lozen mot Victorio

Lozen fører sleppet klart og går glimrande. Stand på Lozen langt ute. Når førar kjem til lettat det rype presist framom Lozen som er roleg i opp flukt og skot. Utreder og apporterer korrekt. Hundane settes på igjen og Victorio tek stand langt ute. Når førar er på veg opp til hunden lettat det fugl utanom jaktbart hold. Det vert skote og Victorio er roleg, men fuglearbeidet vert ikkje godkjent på grunn av holdet.

Lozen har då eit godkjent fuglearbeid og er slått i fugl. Victorio har ein stand utanom jaktbart hold og er slått i fugl.

Lozen over Viktorio.

Rangering: Lozen FUR, sl, Victorio st, sl

8. slepp IS Fudge mot ES Veni

Veni fører sleppet i medvind på større format, men Fudge jaktar og svært godt med god reviering. Stand på Fudge, men fugl lettat utanom jaktbart hold. Fudge er komplett roleg i situasjonen. Fudge vinn dermed sleppet.

Rangering: Lozen FUR, sl, Fudge st, Veni sl, Victorio st, sl. Veni sett før Victorio grunna betre søks kvalitetar.

9. slepp KV Balto mot IS Diego

Diego fører sleppet på større format og framdrift, men Balto finn fugl. Når førar kjem til lettat det rype presist framom Balto, som er komplett roleg i opp flukt og skot. Utreder og apporterer korrekt. Balto over Diego.

Rangering: Balto FUR, Lozen FUR, sl, Fudge st, Veni sl, Victorio st, sl, Diego sl x 2.

10. slepp IS Fifa mot IS Bella

Begge held godt klassenivå og vekslar om føringa i det opne terrenget. Fifa får etter kvart eit lite overtak og vinn dermed sleppet.

Rangering: Balto FUR, Lozen FUR, sl, Fudge st, Fifa, Bella, Veni sl, Victorio st, sl Diego sl x 2.

11. slepp ES Carmen mot ES Lozen

Lozen har no sitt 3 slepp og går glimrande mot Carmen som kjem klart på etterskot. Stand på Lozen, rype lettat presist. Lozen komplett roleg i opp flukt og skot. Utredar. Seinare ny stand på Lozen, kort presis reis og komplett RIOS. Utredar. Carmen held klassenivå, men er klart slått i dette sleppet.

Rangering 2 runde: Balto FUR, Lozen FUR, sl, Fudge st, Fifa, Bella, Veni sl, Victorio st, sl Diego sl x 2, Carmen sl x 2.

Rangering 3 runde: Lozen FMR, FUR x 2, sl.

Oppsett 3 runde 15 min: Lozen har hatt sitt 3 slepp.

IS Fudge - ES Victorio

ES Veni - KV Balto

IS Fifa - ES Carmen

IS Bella - IS Diego

12. slepp IS Fudge mot ES Victorio

Begge startar friskt i stor fart. Me ser Victorio trekka an og ta fast stand. På veg opp til Victorio ser me at Fudge har tatt stand lenger ute på venstre flanke. Når førar kjem opp til Victorio reiser han villig og er roleg i opp flukt og skot. Utredar og appporterer korrekt. Når førar kjem fram til Fudge reiser ho villig rype og er roleg i opp flukt og skot. Utredar og appporterer korrekt. Hundane vert samla og me set dei i gang igjen. Dei går fram i terrenget og fester på ny stand samtidig men denne gong på same fugl. Begge får ordre om å reise, dei går villig på og reiser springande fugl. Begge vert roa greitt i oppflukt og skot og dei utredar.

Dei settes likt i dette sleppet.

Rangering: Fudge 2 x FMR, st, Lozen FMR, FUR x2, sl, Victorio 2 x FMR, st, sl

13. slepp ES Veni mot Kv Balto

Balto fører sleppet på betre kontinuitet og terrengdekning. Veni reduserer seg i dette sleppet og må sjå seg klart slått av Balto.

Rangering: Fudge 2 x FMR, st, Lozen FMR, FUR x2, sl, Victorio 2 x FMR, st, sl, Balto FUR, Veni, sl

14. slepp IS Fifa mot ES Carmen

Begge har masse krefter igjen og går meget godt i motvind. Carmen tar stand ute på høgreflanke, og når førar kjem til går Carmen fram til ny stand litt lenger framme. Ho reiser på ordre

villig ryper og er roleg i opp flukt og skot. Utreder greitt, men dessverre nektar Carmen å apportere.

Fifa over Carmen som utgår.

Rangering: Fudge 2 x FMR, st, Lozen FMR, FUR x2, sl, Victorio 2 x FMR, st, sl, Balto FUR, Veni, sl, Fifa, sl.

15 slepp IS Bella mot Is Diego

Begge hundane går fortsatt godt og får masse terreng med i motvind. Veksler om føringa og settes likt i dette sleppet.

Rangering: Fudge 2 x FMR, st, Lozen FMR, FUR x2, sl, Victorio 2 x FMR, st, sl, Balto FUR, Bella, Veni, sl, Fifa,sl, Diego sl x 2.

Då er dagen omme og me har fylgjande premieliste:

1 pr VK med Ck IS Fudge	Bjarte Sjøgaard
2 pr VK ES Lozen	Morten Soltvedt
3 pr VK ES Victorio	Knut Klepp
4 VK KV Balto	Aksel Mowatt Larssen

Bjørn Monsen

Knut Steinar Skiple